



MEDLEMSBREV NR. 1 – 2015

Kjære medlem, <http://www.olavslettoselskapet.no/> er alltid oppdatert, men det er ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet som har denne tilgangen, så difor tek me ein kort gjennomgang her.

Aktivitetar sidan sist

Boka om Anne Sletto og barnedrap i norsk rettshistorie lansert 7. februar

Det største lyftet for Olav Sletto-selskapet i 2015 vart realisert laurdag 7. februar. Då lanserte vi boka ”Anne Sletto – eit kvinneportrett og utanfor ekteskap”, på Holms Hotell på Geilo. Holms hotell var Annes arbeidsplass i meir enn 30 år. Som for 100 år sidan, førde Olav Sletto (alias Jørn Øyrehaugen Sunde) mor (alias Eva Cecilie Sletto) ”til sætes” på fyrste benken i biblioteket, før han, Jørn Øyrehaugen Sunde held eit gnisrande foredrag om Olav Sletto som lausunge og barnedrap i norsk rettshistorie. Dei meir enn 65 frammøtte, av desse 12 etterkomrarar etter Anne Sletto, fekk eit minne for livet med denne lanseringa. Rapport er publisert i Årshefte 2015. Boka er å få kjøpt i bokhandlarar i dalen og hjå Boksmia forlag.

Olav Sletto-selskapet har til no seld 84 eks. av Anne-boka. Omsetning i alt pr. april 2015: ca. 90.

Årshefte 2015

er eit innhaldsrikt hefte med bidrag frå Kari Telste og Erling Rimehaug, eit intervju om Olav Slettos litterære syn, gjort av 20 år gamle Oddvar Stølen, seinare kjend journalist i A-pressa og mangt anna. Stølen laga intervjuet i 1954, då den fyrste av i alt 6 bøker om Olver kom ut. Olver-bøkene er rekna som Olav Slettos sjølvbiografi. Årsheftet 2015 er publisert på selskapet si nettside www.olavslettoselskapet.no

Årsmøtet 2015

vart helde på Vika velferdssenter i Hol, fredag 10. april 2015. Etter dei vanlege årsmøtesakene, inviterte Per Sivle-laget ved Alv Reidar E. Dale til samarbeid for å få gløymde nynorskforfattarar fram i lyset. Blant desse er Per Sivle og Olav Sletto. Dei 17 frammøtte slutta seg til tanken. Arne Skogheim kåserte om Olver-bøkene, og ga oss eit spennande innblikk i Olav Slettos liv fram til 1917. Kåseriet blir trykt i Årshefte 2016. Protokoll frå årsmøtet er publisert på selskapet si nettside.

Per Gjetar i Den kulturelle skulesekken i Hol

Styret har samarbeidd med Den kulturelle skulesekken i Hol om å få Olav Sletto med i sekken, og no har boka om Per Gjetar (redigerte utdrag frå Slettos bok ”Per Stavlang”) vorte ein del av eit pedagogisk godt opplegg som er tatt i bruk på 4. årstrinn i Hol. Med dette er eit viktig mål, som lenge har stått på køyreplanen for Olav Sletto-selskapet, nådd. Opplegget er enkelt, og kan med litt tilpassing overførast til andre skuler i dalen – og andre stader.

Foredrag om Anne Sletto-boka fyrste halvår 2015:

5. februar - Vika velferdssenter, Hol.

5. mars – biblioteket, Nesbyen.

9. april – Hol historielag, Vika velferdssenter.

16. april - Digitalt slektsforum, Stokke/Vestfold.

21. mai – biblioteket, Gol.

Artiklar om boka publisert i Dølaminne 2014 og KULT 1/2015

Planar framover

Informasjonstavle om Olav Sletto i Slettosvingen

Utkastet er klart frå styret si side. Tavla er tenkt sett opp i Slettosvingen, på vegen opp mot Holsåsen. Søknad om støtte er sendt Hol kommune. Slik støtte er ein føresetnad for å få opp tavla – vonaleg i 2016.

Olav Sletto-selskapet og Per Sivle-laget er samde om å samarbeide for å få gløymde nynorskforfattarar fram i lyset. Målet er eit større arrangement hausten 2016. Fyrste planleggingsmøte er i september 2015. Per Sivle-laget tek initiativet til dette møtet.

15. september - professor Jørn Øyrehaugen Sunde kjem til Gol vidaregåande skole med eit foredrag til elevar ved skula om temaet verdighet basert på boka om Anne Sletto. Noko å sjå fram til for ungdommen!

Medlemskontingenent 2015 - 200 kr.

Etter høfleg påminning i april, er det berre nokre få som enno har til gode å betala 2015-kontingenenten. Innbetaling til kontonr. 2333 22 62998 – minner om namnet ditt og e-adressa i meldingsfeltet. Medlemstal pr. 1.5.: 91. Takk for at du er medlem!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på www.olavslettoselskapet.no

SLETTOMATERIALET I BYGDEARKIVET

Me minner om at katalogen over Sletto-materialet i Hol Bygdearkiv er å finne på www.olavslettoselskapet.no

Velkommen til arrangementa våren 2015!

Dette medlemsbrevet blir sendt som skjerm brev til dei medlemmene vi har e-postadresse til. Til dei som får brevet i posten, men som har e-postadresse: Send melding til eva.almhjell@gmail.com